

Røysterett i fin vårform for fullsett sal.

28.04.2017



Røysterett for Alle, dir. Maria Malmsten. Ved pianoet Bjarne Øymyr.

Mange tok turen til Helgheim då Røysterett for Alle inviterte til vårkonsert torsdag kveld. Gjennom vel to timer fekk publikum oppleva eit flott song- og musikkprogram under konserten der vertskoret også hadde med seg flinke gjester. Publikum kom frå heile Kvinnherad til liks med medlemmene i Røysterett for Alle.

Vertskoret opna konserten med ein artig versjon av folketonen **Pål sine høner** og tok deretter publikum med på ei reise der dei var innom **Hambo for vakre jenter** før dei framførte to vakre songar med musikk av Henning Sommerro, - **Blå salme** med tekst av Erik Bye og Hans Hyldbakk sin **Vårsøg**. Vidare fortsette koret med med eit variert og publikumsvennleg repertoar fram til ei flott avslutning med Leohnard Cohen sin velkjende og kjære **Halleluja**. Koret kom godt frå framføringa, og eg likar godt den fornying som skjer i repertoaret deira. Det er no lettare, meir variert, og det er noko publikum set pris på. Songglede har kormedlemmene alltid vist. Det var flott å høyra dei torsdag, og eg har eigentleg ikkje lyst å setja fingeren på noko, men 10 nummer er kanskje i meste laget når dei har så mange flinke gjester i tillegg på programmet.



Bjarne Øymyr, piano.

På nokre av nummera vart koret akkompagnert av Bjarne Øymyr på piano. Den allsidige pianisten er nok mest kjent i jazzkretsar og i sjangrar som slektar til jazzen. Han er aktiv i ulike samanhengar her i lokalmiljøet, men er truleg endå betre kjent som særdeles dyktig jazzpianist i musikkmiljøet i Bergen gjennom mange år. På konserten spela han også to solostykke; - først eitt av den svenske jazzpianisten og komponisten Lars Jansson med tittel **More Human**. Kanskje verd å tenkja gjennom bodskapen i stykket? Han spela også eit stykke som bygde på velkjende **Summertime**. Øymyr sjølv gav stykket tittelen **Summertime sammensurium**. Bjarne Øymyr var nok eit nytt bekjentskap for mange i salen. Dermed var innslaget nyskapende samstundes som det gav konserten eit kvalitativt løft. Som einaste instrumentalinnslag gav det også konserten ekstra krydder.



Glimrah

Songgruppa Glimrah som er samansett av 7 flinke songarar, dei fleste frå Røysterett sine rekkrer, framførte 3 songar. Gruppa, som vi har hørt betre før, har ein eigen forkjærighet for renesansemusikk, og dette fekk vi høre i det siste nummeret deira. Det nummeret likte vi best. Før det hadde vi fått høre **Ave Maria** i Kjersti Follesø sitt arrangement og **Jeg lagde meg så silde**. Thor Ivar Hellesøy er Røysterett sin eigen trubadur. Han framførte to viser av Jan Eggum og ei av Stanley Jacobsen til sitt eige utsøkte gitarakkompagnement.



Thor Ivar Hellesøy

Etter loddsal, to kjekke allsongar og trekking var det klart for musikalsk finale. To bassar og to tenorar i Røysterett, Svein Rimestad, Kåre Vetrhus, Oscar Langballe og Lars Henrik Skogtun, utgjer den dyktige og humørfylte Firarbanden. Dei opptrødde offentleg for andre gong(så vidt eg veit), og Svein Rimestad fortalte dei skulle syngja to songar, og meir vart det heilt sikkert ikkje. Etter svenske folkevisa **Till Østerland** avslutta dei med Carl Michael Bellman sin **Fredmanns Epistel no 9** 'Käraste bröder, systrar och vänner'. Ei lett og humørfyllt avslutning på ein flott konsert på 2 timer 10 minutt på dei gode stolane i Helgheim. Det resulterte i trampeklapp som tvinga Firarbanden fram att på podiet der Svein Rimestad annonserte ekstranummer på følgjande måte:

- Det 2. verset i den siste gjekk ikkje så bra så det tar vi ein gong til, men berre 2. verset.

Heldigvis lova Firarbanden at vi skal få høyra meir til dei. Då har dei til og med lova å få 'ein dansk ein' inn på repertoaret. Forhåpentlegvis vert det på neste konserten Røysterett for Alle skal ha her i Uskedalen. Det vert i Aktivitetshuset 8.juni.

Etter den flotte innholdsrike konserten var det berre eit spørsmål fleire var usikker på: Kva innebar det at medlemene i Uskedal helselag var invitert til vårkonserten i samanheng med at laget no er 100 år utan at dette vart markert på konserten?



Firarbanden

Tekst foto og nett: Thor Inge Døssland